



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgne sand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 06.04.2009.

Ventilasjonsbehov i geitefjøs og støydemping av avtrekksvifta.

Kor stort behovet for utskifting av lufta er, avheng både av dyretal og temperatur i fjøsen. Som ei rettesnor kan ein seie at i ein geitefjøs vil det om vinteren vere behov for å skifte ut ca 7,5 m³ luft/ time/geit. Om sommaren aukar behovet til ca 27 m³ luft/time/geit.

Støyen frå avtrekksvifta aukar med hastigheita og blir difor verre med aukande behov for rask utskifting av lufta.

I samband med fjøsbesøk opplever ein av og til at det første bonden gjer er å skru av vifta slik at det skal la seg gjere å føre ei normal samtale. Korleis geitene opplever høg støy gjennom heile døgnet kan ein berre spekulere i.

Haldforskrifta for småfe seier at dyra ikkje skal påførast varig støy over 65 db.

Å støydempe vifta kan gjerast på følgjande måte:

Sjå skisse under.

Du treng ei fuktbestandig plate, gjerne av kryssfiner.


Kapp til plata slik at den er 10 – 15 cm større enn viftekanalen på alle kantar. Er t.d.

viftekanalen 60 x 60 cm skal plata vere ca 90 x 90 cm

Fest ein 10 cm høg kant rundt heile plata og legg opp i 10 cm steinull.

Steinulla skal **ikkje** dekkast til på oversida.

Heng plata opp etter kjetting ca 20 cm under viftekanalen.



Støydemping av avtrekksvifta.